

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Rogne vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2015/16: 86 +

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	85,5%
2015/16	79,0%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	9,72%	6,94%
	2015/16	17,72%	13,92
Standpunkt	2014/15	5,8 %	18,99%
	2015/16	7,59%	15,19%
Eksamen	2014/15	5,26 %	0
	2015/16	0%	0

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	9,18 timar
	dagar	11,42 dagar
2015/16	timar	11,21 timar
	dagar	12,16 dagar

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	4,7 %
2015/16	3, 4 % (inkl justert begynt på ny skule)

1.5 Utfordringer og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17***Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?***

Gjennomsnittskarakter for å kome inn på skulen var 3,62 poeng. Vi har likevel hatt fleire svake elevar på Vg1 dette året enn føregående år. 19,7% av elevane har enkel kompetanse (mindre enn 30 poeng). Vi har 9 elevar som har IOP, ein av desse er i ordinær klasse. Me har hatt eiga støttegruppe i matematikk heile året, 3 timar per veke. Me har hatt forsterka miljøarbeidarressurs i ein Vg1 klasse, helse- og oppvekstfag, 17t/veke. Elev i 2HSBUAA har hatt eigen miljøarbeidar 2,5 d/veke.

Me har ein del elevar med karakteren 1, men ser at snittkarakteren ved standpunkt er 3,8, altså ein auke frå ungdomsskulen (3,62).

Elevar ved skulen har fått mykje tilrettelegging både av lærarar og miljøarbeidarar og vi har brukt mykje ressursar på spesialundervisning, tilrettelegging og ekstra oppfølging både i fellesfaga og programfaga. Til tross for ekstra ressursar

Det er også gitt ekstra språkopplæring i norsk til fire framandspråklege elevar. Undervisninga vart organisert i gruppe med 2t/v i 2. termin.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Samarbeidet er bra mellom ungdomsskulane og Rogne vgs før elevane startar i vidaregåande. Det har vore egne overgangsmøte for dei elevane som skal starte i vidaregåande. Dette samarbeidet med ungdomsskulen/ane vert ofte starta opp eitt/to år før dei tek til som elevar i vidaregåande opplæring. Rogne vgs blir kvart skuleår kalla inn til ansvarsgruppemøter vedrørande enkeltelevar.

Ved starten av skuleåret vert det arrangert overgangsmøte mellom Vg1 og Vg2 klassane slik at dei nye kontaktlærarane på Vg2 får kjennskap til enkeltelevar og omsyn som bør gjerast i høve til tilretteleggingar.

Informasjon om enkeltelevar vert gitt i klasselærarråd før skulestart i alle klassar.

Skulen har startsamalar for alle elevane ved skulestart. Der prøver me å fange opp ulike vanskar.

Elevar som slit i enkeltfag vert gjeve tilbod om støttetimar etter søknad, i samarbeid med faglærer/kontaktlærer. Ein eller fleire lærarar får tildelt ledig ressurs som nyttast ved behov for å gjennom stoff før prøvar og førebuing til tentamen.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Frammøte om morgonen: fleire av elevane kjem seg ikkje på skulen. Trass samarbeid med rus/psykiatritenesta, elevkoordinator + føresette, er dette vanskeleg. Årsak til manglande frammøte kan vere mange som t.d:

- motivasjon til å komme på skulen
- elevane opplever at faga er vanskelege. Oppgaver/innleveringar: mange fag , mange innleveringar og prøvar: kan verke overveldande.
- psykiske vanskar og sjukdom

Har positiv erfaring med

- tidleg avklaringsamtale dersom ein elev har ei negativ utvikling

- samarbeidet mellom kontaktlærer/rådgjevar/elevinspektør.
- Rask melding vidare frå kontaktlærer om det er vanskar , spesielt dersom det er fråvære, eller om elev står i fare for å felle ut i fag.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

- Me vil sjå på organisering og tilrettelegging av faga/spesialundervisninga
- Me ønskjer å komme raskt i gang med tiltak
- Me har positiv erfaring med eigen plan for enkeltelevar, med faste avtalar (plan/oversikt må ikkje vere for omfattande eller strekkje seg over for lang tid)
- Me vil bruke meir fokus på og tid til å knyte teori til praktiske situasjonar

2 Prioriterte tiltaksområde 2015/16

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevundersøkinga 15/16 gjev Rogne vgs svært gode tilbakemeldingar på vurdering for læring, med eit snitt på 3,96. Me kan forklare dette delvis ved at det har vore stor fokus på dette over lengre tid. Spesielt siste året har me vore bevisst på dette. På avdelingsmøter har dette vore tema me stadig vender attende til.

2.1.2 Utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

- 1) Relativt mange svake elevar med behov for ulike støttetiltak
- 2) For lite tid til
 - Systematisk erfaringsdeling og kollektive refleksjonsprosessar.
 - Kvalitetsvurdering som organisasjonslæring.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

I følgje undervisningsevalueringa utført våren 2016 opplever elevane å ha god nytte av IKT i læringsarbeidet.

Ved skulen går alt undervisningsopplegg og all informasjon ut mot tilsette og elevar via It's Learning.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

Å få fleire lærarar til å ta i bruk IKT på ein meir aktiv måte i læringsarbeidet.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevane gjev skulen svært gode tilbakemeldingar i Undervisningsevalueringa med eit snitt på 4,3. Elevane i utvalet ser at dei stort sett har lærarar som gjev dei støtte og hjelp i skulearbeidet, som bryr seg om dei og har tru på dei. Dette er noko me kjenner oss att i, då det er stort elevfokus ved skulen, og merksemd på arbeidsro, elevmedverknad og tilpassa opplæring. Me har jobba spesielt med å flytte trykket frå 'nei-reglar' til 'ja-reglar'.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»

Utfordringar:

Stort fråvære og liten kontinuitet for enkeltelevar.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med

3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket

Me er i ein omstillingsfase og har dette året hatt fokus på gode overgangar til nye skular. Dette etter avtale med Regionsleiar.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?
Me har faste plenumssamlingar gjennom året, der utviklingsarbeidet har vore teke opp med jamne mellomrom.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?
ATV-møter og andre relevante fora har i hovudsak fokusert på omstillingsarbeidet dette året.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?
Det er møteplikt på fellesmøter.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?
Planar vert drøfta i elevrådet og rektor var tilstade på opplæringa av tillitsvalde og gjekk gjennom prosessar og planar. Elevinspektør tek slike saker opp med elevrådet i løpet av skuleåret.
Det er i mange klassar gjennomført 'firkantmøter' der avdelingsleiar, kontaktlærer og to elevrepresentantar. I desse møta har det vore fokus på klasse- og skulemiljø.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?
Det har vore vanskeleg å få nok tid til dette i ei tid med omstilling.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Fortsetje arbeidet med å auke læringsutbyttet og gjennomføring.

Bli betre på å arbeide systematisk for å sikre at prosessane blir følgt opp og gjennomført.